

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**  
**nr. 83/2020**

2023/EØS/22/16

av 12. juni 2020

**om endring av vedlegg XI til EØS-avtala (Elektronisk kommunikasjon, audiovisuelle tenester og informasjonssamfunnstenester) og protokoll 37 om lista nemnd i artikkel 101**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2019/517 av 19. mars 2019 om gjennomføringa av og verkemåten til toppnivådomenenamnet .eu, om endring og oppheving av forordning (EF) nr. 733/2002 og om oppheving av kommisjonsforordning (EF) nr. 874/2004<sup>(1)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Forordning (EU) 2019/517 opphevar med verknad frå 13. oktober 2022 europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 733/2002<sup>(2)</sup> og kommisjonsforordning (EF) nr. 874/2004<sup>(3)</sup>, som er tekne inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala med verknad frå 13. oktober 2022.
- 3) Vedlegg XI og protokoll 37 til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I vedlegg XI til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. Teksta i nr. 5o (oppheva) skal lyde:

”– **32019 R 0517**: Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2019/517 av 19. mars 2019 om gjennomføringa av og verkemåten til toppnivådomenenamnet .eu, om endring og oppheving av forordning (EF) nr. 733/2002 og om oppheving av kommisjonsforordning (EF) nr. 874/2004 (EUT L 91 av 29.3.2019, s. 25).

For føremåla med denne avtala skal føresegnene i forordninga lesast med følgjande tilpassing:

I artikkel 4 nr. 4 og 5 og artikkel 11 bokstav f) skal tilvisingar til unionsretten forståast som tilvisingar til EØS-avtala.

Nærare reglar om EFTA-statanes tilknytning i samsvar med artikkel 101 i avtala:

EFTA-statane skal delta fullt ut, utan røysterett, i den rådgevingande fleirpartsgruppa for .eu.”

2. I nr. 5oa (europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 733/2002) vert følgjande lagt til:

”, endret ved:

– **32019 R 0517**: Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2019/517 av 19. mars 2019 (EUT L 91 av 29.3.2019, s. 25).”

3. Teksta i nr. 5oa (europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 733/2002) og 5oab (kommisjonsforordning (EF) nr. 874/2004) opphevast med verknad frå 13. oktober 2022.

<sup>(1)</sup> TEU L 91 av 29.3.2019, s. 25.

<sup>(2)</sup> TEF L 113 av 30.4.2002, s. 1.

<sup>(3)</sup> TEU L 162 av 30.4.2004, s. 40.

*Artikkel 2*

I protokoll 37 skal nytt nummer lyde:

”41. Den rådgjevande fleirpartsgruppa for .eu (europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2019/517).”

*Artikkel 3*

Teksta til forordning (EU) 2019/517 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

*Artikkel 4*

Denne avgjerda tek til å gjelde 13. juni 2020, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(\*).

*Artikkel 5*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel 12. juni 2020.

For EØS-komiteen

**Clara Ganslandt**

Formann

---

(\*) Forfatningsrettslege krav oppgjevne.